



MØTEBOK

SAKLISTE

RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Møtestad: Hareid rådhus, møterom 1.etasje. Møtedato: 28.10.2008 .Tid: 13.00-14.20.

Ved møtestart var desse til stades:

1. Tor Henning Andersen
2. Thor Tyslum
3. Eldbjørg Ertesvåg
4. Ole Frank Bakken (gjekk kl 14.00)
5. Bente G Jonsson 5 voterande

Møtet vart leia av Tor Henning Andersen

Frå administrasjonen møtte sekretær i rådet, Evelyn Haram Larsen, som førde møteboka.

Elles møtte frå administrasjonen under møtet:

→ Områdeleiar Odd Arne Vikebakk, sak PS 24/08

Saklista: I tillegg til sakene som står oppførde på sakslista var det i løpet av møtet å ta opp ein del tilleggs- ,drøftings- og orienteringssaker, jamfør protokolleringa seinare i møtet.

SAKLISTE MED SAKSDOKUMENT

PS 23/08	GODKJENNING INNKALLING OG PROTOKOLL FORRIGE MØTE
PS 24/08	INNHALD I SKULEN. Orientering v/ Odd Arne Vikebakk
PS 25/08	INFOFALDAR RFU
PS 26/08	LEDSAGERBEVIS- Oppfølging frå sak PS 20/08
PS 27/08	FYLKESKONFERANSE- Innspel til program
PS 28/08	POLITIVEDTEKTER I HAREID
PS 29/08	HANDLINGSPLAN 2009- 2012 evt
RS 2/08	ORIENTERING FRÅ REHABILITERINGSKONFERANSE v/ BGJ
RS 3/08	POST I BUTIKK. Innkome brev
PS 30/08	MØTEPLAN 2009
PS 31/08	EVENTUELT

INFORMASJON OM SAKER OG VEDLEGG:

PS 23/08 GODKJENNING AV INNKALLING OG PROTOKOLL FØRRE MØTE

Røysting: → Innkalling og møteprotokoll samrøystes godkjend

PS 24/08 INNHOLD I SKULEN. Orientering v/ Odd Arne Vikebakk

Områdeleiar for skule, orienterte om bakgrunnen for sak PS 54/08 " Innhald og kvalitet i skulen", handsama i kommunestyret den 18.09.2008.

- Opphavleg var ikkje RFU på høyringslista. Dette vert retta opp i neste runde i aktuell sak, og andre saker som har relevans for rådet.
- Noverande sak var om korleis lage eit system for vurdering av nokre viktige punkt innan skulekvardagen, for årlege temamøte i kommunestyret.
- For alle temamøte gjeld at ein må få god kunnskap om både kva elevane, foreldra og tilsette meiner/ opplever, slik at kommunestyret kan få ei god innføring i områda temamøta skal omhandle. Ein skal prøve å nytte den informasjon ein har om ulike temaområde frå alt tilgjengeleg materiale; SSB, KOSTRA, brukarundersøkingar mv, så det ikkje vert for omfattande arbeid.
- Våren 2009 : Temamøte om læringsutbyttet i skulen. Det kan vere målereiskapar som karakterar, nasjonale prøver mv, men også mykje meir.
- Våren 2010: Temamøte om læringsmiljøet; om trivsel , tilrettelegging mv.
- Våren 2011: Temamøte om ressursbruken; i den enkelte klasse, den enkelte skule, i kommunen. Status og endringar/ utvikling mv.
- Utfordring kan vere korleis ein i slike vurderingar kan ta godt nok omsyn til dei elevane som har **særlege behov**; barn med ulik funksjonshemming, som fyl ein eigen plan og har eit anna utdanningsløp enn funksjonsfriske. Har ein gode nok reiskapar til å vurdere desse barna med ? Samarbeidet " Sjustjerna" har eit opplegg med eksternvurderarar. Kanskje ein kunne nytte dette ved vurderingar på spesialundervising og tilpassa opplæring ?

Samrøystes vedtak:

1. RFU takkar for informasjonen og ber om at RFU får saka til uttale i god tid før politisk handsaming våren 2009.
2. Leiar og nestleiar i rådet nyttar lokalpressa før oppsett sak i kommunestyret våren 2009, for at publikum kan kome med innspel til rådet om saka.

PS 25/08 INFOFALDAR RFU

Kvar medlem i rådet gir tilbakemelding til sekretær innan 1 veke om innhald i faldar.

Samrøystes vedtak:

Sekretær kopierer eit naudsynt antal og fordeler til legekantor, Hadartun, ressurscenter, NAV, servicekontor, Bibliotek og andre stader det kan vere aktuelt.

PS 26/08 LEDSAGERBEVIS- Oppfølging frå sak PS 20/08

Leiar og nestleiar i rådet lagar framlegg til ein artikkel innan utgangen av november månad, for innrykk i lokalpressa.

PS 27/08 FYLKESKONFERANSEN- Innspel til program + info frå rådet

Sekretær orientere om saker handsama i fylkesrådet 09.09.(universell utforming Timeekspress, haldeplassar, landskonferanse 2010 og ferjetakstar Valderøy-Ålesund) . Sekretær sender inn rådet sitt framlegg til innhald i konferansen 2009.

Samrøystes vedtak:

1. Tema 1: Tilkomst til offentleg transport i Møre og Romsdal
2. Tema 2: Evakuering av funksjonshemma i undersjøiske tunellar / tunellar generelt. Ansvar og rutiner mv.

PS 28/08 POLITIVEDTEKTER I HAREID

Saka vart meldt opp i sommar grunna vanskar med tilkomst i Hareid sentrum. Dei vanskane har no vorte belyst i sak om tilkomst i Hareid sentrum. Politivedtektene vart sist rullert i 2006, og det er naturleg å tru at denne forskrifta skal rullerast med jamne mellomrom.

Samrøystes vedtak:

RFU oppmodar om at både offentlege og private aktørar tek omsyn til politivedtektene sin § 6, med omsyn til allmenn tilkomst, og at ansvarleg instans kontrollerer og handhevar vedtektene.

("§ 6. Hindringar :

På eller ut over offentleg stad er det forbode å setje eller hengje noko som kan vere til hinder eller ulempe for ferdsla. Markiser skal vere festa så høgt at underkanten minst er 2,5 m over bakken.") Jf. Også vedteken trafikktryggingssplan.

PS 29/08 HANDLINGSPLAN 2009- 2012 evt

Planen er ikkje klar til politisk handsaming, og saka vert teke opp att på rådet sitt møte 17.11.

RS 2/08 REHABILITERINGSKONFERANSEN ÅLESUND SEPTEMBER 08

Bente G Jonsson var på denne konferansen i slutten av september, og heldt ei kort orientering for rådet.

RS 3/08 POST I BUTIKK. Innkome brev

Orientering om eit brev til Posten vedkomande " Post- i butikk"; tilkomst mv.

PS 30/08 MØTEPLAN 2009:

Fyrste halvår:

Måndag 2.februar og måndag 27.april. Begge møte med start kl 13.00.

Referent Evelyn Haram Larsen

Sekretær